

## Til deg som nett har mista nokon:

Det er mange spørsmål ein står ovanfor når ein nett har mista nokon.

Ta gjerne kontakt med oss for rettleiing rundt korleis du skal gå fram for å avtale gravferdsseremoni og gravlegging.

Mange nyttar og gravferdsbyrå. Dersom ein nyttar byrå vil gravferdsbyrået ofte ta seg av kontakten med oss på kyrkjekontoret og elles ordne ein del av det praktiske. Påørande må sjølv ta stilling til kva ein ønskjer bistand til frå byrået.

## Seremoni i kyrkja:

Ved seremoni i kyrkja føl ein gravferdsliturgien til Den norske kyrkja. Det er vanlegvis 2-3 salmar i tillegg til minneord og tale ved presten. Det er høve til solist-/musikkinnslag. Prest og kantor vil kunne gi råd om kva rammer som er for innhaldet i seremonien. Presten inviterer og til ein sorgsamtale i forkant av gravferda der påørande og prest kan snakke om minnetalen og seremoni elles.

## Til deg som har ansvar for gravferda

Gravferdslova seier at ein enkeltperson er ansvarleg for gravferda. Vedkomande skal mellom anna vera med å avgjera:

- Kvar for ein gravplass den avdøde skal gravleggast på
- Kven som skal vera festar/ansvarleg for gravstaden.

Ynskje frå avdøde bør respekterast så langt det er praktisk mulig

I Sveio nyttar me tau for senking av kista.

## Til deg som skal velja ny grav for avdøde:

Alle som er busett i kommunen har rett til fri grav.

Personar som ikkje er busett i Sveio kan og gravleggast i Sveio. Det vil då bli kravd økonomisk dekking av kostnaden med seremoni og grav.

Det er påørande som vel kva for ein gravplass ein ønskjer å nytta. Konkret grav vert tilvist av kyrkjekontoret.

Nokre få gravplassar kan berre nyttast til urner.

Feste av grav kan gjerast i samband med gravlegging. Ved sida av ei kistegrav kan ein festa ei grav til, gjerne til attlevande ektefelle, ev andre. Desse 2 gravene vert då ein gravstad. Det kan og søkast om å få festa ei tredje grav.

Når ein festar ei grav (ev. to) ved sida av den avdøde må ein betala feste for denne grava. Festeavgift vert og kravd inn for ei festegrav og etter gravlegging i denne grava.

Ved kremasjon i staden for kistegravlegging kan ein be om urnegrav. Ei urnegrav har plass til inntil fire urner.

## Til deg som vil nytta eksisterande grav for avdøde:

Ei grav kan nyttast til ny gravlegging når fredingstida er ute. I Sveio er fredingstida sett til 30 år sidan sist gravlegging. Urne kan setjast ned utan slik tidsavgrensing. Når det er ønske om å nytta eksisterande grav må den som er ansvarleg for gravferda innhenta løyve frå den som er festar på eksisterande grav.

## Minnelund:

På gravplassane ved Førde kyrkje og Sveio kyrkje er det tilrettelagt med minnelund. Her kan ein få sett ned urne på tilviste plasser. I staden for eige gravminne på grava kan ein då få sett opp ein minneplakett på felles gravminne.

## Etter gravferda

To-tre veker etter gravferda vil gravplasspersonalet ta vekk visne blomar og kransar frå grava. Dersom påørande sjølv ønskjer å ta vekk blomar mv. frå grava har dei anledning til det.

## Gravminne:

Gravminne kan monterast først etter 6 månadar. Bakgrunnen for dette er at det då vil vera mindre fare for at gravminne sig skeivt. For nye gravfelt anlagt etter 2013 er fristen 3 månadar. På urnegraver kan gravminne monterast straks urna er sett ned.

Alle gravminne som skal monterast på gravplassane skal vera godkjende av kyrkjekontoret. Konkret plassering av gravminne skal vera avklart med kyrkjegardspersonalet.

Fastmonterte dekorgjenstandar mv er ein del av gravminne og skal godkjennast. Det vert rådd frå å ha faste lykter etc. framom gravminne då desse er utsett for skade. Gravplasspersonalet kan ikkje ta ansvar for ev skade på desse.

Gravminnet skal monterast forskriftsmessig i stabile massar og fundament og gravminne skal vera bolta saman.

På ny gravstad skal gravminne monterast i bakkant av den grava som først vart tatt i bruk. Det skal og stå her etter at ei ev. festa grav ved sida av vert tatt i bruk.

## Stell av grav:

Framom gravminne er det høve til opparbeida eit plantefelt i høgd med bakken. Det kan vera like breitt som gravminne og kan stikka inntil 60 cm fram, målt frå bakkant av gravminne. Det skal ikkje plantast vokstrar som vert høgare enn gravminne eller når utanfor plantefeltet.

Plantefeltet kan rammast inn av bedplate eller delt stein som fluktar med terrenget rundt. Fellesrådet tek ikkje ansvar for ev skade på slik kant/bedplate. Det same gjeld skade på dekorgjenstandar som er montert på denne eller er plassert laust i plantefeltet.

Dekorgjenstandar og planter er festar sitt ansvar. Restar frå blomar, kransar, gravlykter mv skal sorterast å kastas på tilvist stad. Det er viktig at alle tek ansvar her slik at gravplassen ser velstelt ut.

Plantefelt som over tid ikkje vert nytta/stelt vil bli sådd til med gras.

Gravplasspersonalet har store areal som skal stellast og vi kan ikkje berre ställa gravplassane når det er tørt ver. Vi har og prioritert å slå graset som står inntil gravminna. Dette kan medføre at noko gras kan havna i plantefelta eller på gravminna. Vi prøver så langt som mulig å unngå dette, men det vil dessverre førekoma.

## Avtale om stell av grav

Fellesrådet kan tilby avtale om stell med planting mv ved gravminne. Avtale kan gjerast for eit år om gongen eller ein kan betala inn ein større sum for ein lenger periode. Ta kontakt med kyrkjekontoret for nærare opplysningar.

## Sletting av grav

Dersom festeavtalen ikkje vert fornya vil gravstaden bli sletta når fredingstida er gått ut. Den som er festar vil bli forsøkt kontakta før ev sletting. Det er derfor viktig at

det vert meldt frå om ev adresseendring eller endring i festar, t.d. når festar dør. Festar/pårørande har eigeidomsrett til gravminne. Dersom gravminne ikkje vert fjerna av pårørande vil gravplasspersonalet fjerna desse.

## Festeavgift mv

Ei grav er gratis i fredingstida (30 år). Festegrav ved sida av må ein betale for, og etter at denne er tatt i bruk. Ein kan feste ei grav vidare etter at fredingstida er gått ut. Etter 60 år berre etter søknad. Ein kan feste ei grav for 10 år om gongen. Ein betalar for 10 år om gongen.

### Satsar for feste pr. 2020, pr. år:

	Festeavgift pr. grav
<b>Festegrav</b>	250,-
<b>Frigrav:</b>	
30-50 år sidan gravlegging	250,-
Over 50 år sidan gravlegging	300,-
Ved kremasjon vert det gitt eit tilskot på kr 2000,-	

## Generell informasjon:

Det er Sveio Kyrkjelege Fellesråd som er ansvarleg for drift og vedlikehald av gravplassane i Sveio.

Du kan kontakta oss på tlf. 53 74 84 20 eller koma innom oss på kyrkjekontoret for meir informasjon.

Sjå også gjerne; [www.sveio kyrkja/livets-gang](http://www.sveio kyrkja/livets-gang) for meir informasjon.


### Sveio Kyrkjelege Fellesråd

Sveio Soknehus, Steinhaugvegen 10

Post: Pb 65, 5559 Sveio

E-post: [kyrkja@sveio.kommune.no](mailto:kyrkja@sveio.kommune.no)

# Gravferd i Sveio kommune



## Informasjon om gravferd og gravstad